

a Vottestadhom – Vottestad (gnr. 21)

Vottestadhom: Gamalt namn der førsteleden truleg er viti, varde, signalvarde. Ein fjellknaus ved garden ligg slik til at det der høvde sers godt å ha ein signalvarde. Tydinga av namnet må likevel seiast å vera noko uviss.

Det er i eit diplom av 1451 at ein finn gardnamnet skrive a Vettestadhom. Guttorm Ericsson a Rindale kunngjer der at han på Bratberg i Biri makeskifte østre Rindal og heile Videseter i Vingrom til Guttorm Ericsson a Vettestadhom mot det han åtte i nedre og øvre Aslaseter (Alset) på Biri.

Mange, mange år seinare er det i Akershus lensrekneskap for 1632 fortalt at ”Allff Svendsønn” da fekk 1. bygsel på ”et lite stykke rydningjord som ikke har før vært indført i jordeboken, Wottestad”.

Dette Vottestad var altså da krongods, og landskylda av bruket vart i 1632 sett til 1 kalvskinn. Da bygslaren og brukaren ”Allff Wottestad” i 1635 nya oppatt bygsla, var landskylda framleis 1 skinn.

I 1657 var det utskrive ein ekstra Kvegskatt, og det er da fortalt at husdyrhaldet hos Oluff Wottestad i den tid var: 1 hoppe, 5 naut og 7 småkrøter. Åtte år seinare var det i 1665 enka Ingeborg Johnsdtr. som var brukar i ”Vottestad”, og garden er da ført i gruppa for ”Ødegaarde”, men landskylda var høgda til 2 skinn.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er gardnamnet framleis skrive Wottestad, og eigar av garden var framleis ”Kongen Alene”, men brukar på garden var da ”Oluff”. Ein merker seg elles at buskapen av store husdyr da var: 1 hest og 6 naut, og at korntienda vart utreidd med ei ½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 5 tønner. Vidare er det og oppgitt at ”Engen er Temmelig, Schoug till gaards Nøtte, Lorthoell Setter til sommerbeed”.

Fem år seinare vart i 1693 (?) ”Vottestad” ført i 5. soldatlegd for Fåberg saman med ”Øre, Rafneberig og Bierche”, og det er vidare opplyst at den rulleførte soldat frå Vottestad da var ”Jens Olsen, gaardsbunde, 39 år”.

Ein liten mannsalder seinare var det i 1720 skjedd store omskifte i Vottestad, og Gullik Jonsen fekk da søskenskjøte på grd. Vottestad av skyld 2 skinn frå broren Ole Joensen Forset, søstera Lisbet Joensdtr. gift med Lars Nygaard, søstera Kiersti Joensdtr. gift med Niels Grønlien, søstera Eli Joensdtr. gift med Peder Suttestad og søstera Siri Joensdtr. gift med Arne Tommesen Breiset.

Fleire opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om ”Vottestad” vidare fortalt at broren Gullick Joensen framleis var eigar og brukar, at garden ligg i sollia og var da tungbrukt, men jordarten er ”temmeleg goed, dog noget Koldlent for Endehl”. Buskapen på garden hadde da auka til 2 hestar, 10 naut, 16 sauer og 6 geiter, og den årlege utsæd utgjorde da kring 3 ½ tønner bygg og litt rug. Landskylda var framleis som før 2 skinn, men matrikkelkommisjonen gjorde framlegg om at skylda skulle aukast til 10 skinn.

Gullick Joensen var framleis brukar av Vottestad også i 1735. Han hadde da lånt 98rd. av Amund Øre mot pant i garden, og det går fram at landskylda da var høgda til 6 skinn.

Om Gullick Joensen er elles å fortelja at han var gift 2 gonger, først med Marit Arnesdr., som døde i 1714, og så med Guro Halvorsdr., som døde i 1760. Ein merker seg at det var born i baa ekteskap, nemleg i det første: sonen Christen, som var fødd i 1713, og i det andre ekteskap: sonen Jon og dottera Mari, som i 1747 vart gift med Jørgen Hansen.

Men i 1738 gav så faren Gullick Joensen og sonen Christen Gullicksen isaman skjøte til Ole Olsen Traaset og arvingane hans på ”gården Wottestad i Fåberg prestegjeld som skylder årlig 3 k.skind med bøxel for sum 232 rd”. – Ole Olsen Wottestad hadde elles garden berre i 3 år til i 1738, da han skjøte ”gården Vottestad i Vingerumsbøygden” av skyld 6 skinn vidare til Michel Hansen Korgen for kjøpesum 252 rd. + føderåd til Gullick Joensen. Samtidig lånte Michel Hansen 180 rd. av Ole Larsen Reistad mot pant i Vottestad av skyld 6 skinn. – Michel Hansen hadde så Vottestad i 1747, da han selde garden til Jørgen Hansen Dalby, som var gift med Mari Gullickdr. f. 1718. Ved denne handelen vart det dessuten gjort det atterhald at ”hvis Jørgen Hansen skulle ville selge gården Wottestad, skal den først tilbydes Jon Gullicksen, som er en bror til Jørgen Hansens kone”.

Jørgen Hansen Vottestad brukte så garden samla til i 1753, da han selde halvparten av Vottestad, Vottestad av skyld 3 skinn, til Peder Larsen Gilleberg for kjøpesum 212 rd. og føderåd til ”kvinnen Goro Haldorsdatter av grd. Vottestad”. Samtidig lånte kjøperen Peder Larsen 99 spd. av Christopher Olsen Boleng mot 4% årleg rente og 1.pr. pant i grd. Vottestad av skyld 3 skinn. På denne måten vart altså Vottestad delt i to så å seia like store gardar, som kvar hadde ei landskyld på 3 skinn.

Vedlegg 1.

Skjøtet av 14. novbr. gir elles fleire interessante opplysningar, og vi tek det her med etter utskrift av panteboka:

”Wottestad.

Skjøte dat. 14 novbr. 1753 tgl. 16. febr. 1754. Fra Jørgen Hansen Wottestad av Lillehammer anneks til Fåberg prestegjeld til Peder Larsen Gilleberg på halvparten nemlig 3 skind med bøxel i hans eiende gård Wottestad (skyldende 6 skind). Med denne halvpart følger alle gårdens gamle hus undtagen hestestalden og skrædder skjulet, som blir selgerens part følgagtig. Gårdens seterhus med seterhavne og gårdens hjemraster og utmarker blir felles for begge med like andel. Kjøperen har betalt 200 rd. til selgeren samt til Jon Gulliksen for hans odelsrett 8 rd. og til Ole Jonsen som gift med Ingebor Gulliksdtr. for hennes rett 4 rd., samt har påtatt sig å svare halvparten av føderådet til disses gamle mor Goro Haldorsdr.”

Ein halv mannsalder seinare var i 1767 husbonden på den eine garden, Peder Larsen, død, og det var arveskifte på ”Vaattestad Søndre Stue i Faaberg”. – Ved dette skiftet vart jordegodset i buet, Vottestad av skyld 3 skinn, taksert for 312 rd., og arvebuet utgjorde brutto 321 rd. og netto 94 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Eli Olsdr. dei 4 borna i ekteskapet. Av dei var: 1. Lars da 11 ½ år, 2. Ole var 8 år, 3. Eli var 4 år og 4. Berit var 1 år.

Etter nye 4 år gav så Jørgen Hansen i Nordistua Vottestad skjøte til Jens Pedersen på sitt Vottestad også av skyld 3 skinn for kjøpesum 350 rd. + føderåd til Jørgen Hansen og hustru Mari Gullicksdtr. for resten av levetida.

Frå år 1777 er ei tinglyst kontrakt mellom Lars Pedersen på søre Vottestad og svigerfaren Peder Pedersen. Denne kontrakten har og sitt å fortelja, og er etter utskrift av panteboka referert slik:

”Vaattestad søndre.

Kontrakt dat 6. desbr. 1777 tgl. 7. oktbr. 1779. Lars Pedersen Waatstad har i det indeværende år 1777 i tanke å innfordre sin tilfaldende odelsgård Syndre Vaattestad efter sin avdøde sal. far Peder Larsen. Imidlertid er han blitt forlikt med sin svigerfar Peder Pedersen at han skal ha forlov til å bruke gården Syndre Waattestad i 3 år. For den tid skal Lars Pedersen nyde foruten avgiften frit varmt hus og forskjellig andet.”

Av 19. juni 1781 er elles ei åstedssak som vidare har meir å fortelja, og som etter utskrift er sålydande:

”Dompr. 1 fol 68 a.

Vottestad i Fåberg.

19. juni 1781

Åstedssak: Jens Waattestad mot Torger Torgersen ang. Waattestads innløsning.

Dom: Efterat Peder Pedersen, som ved giftermål besat den her omtvistede gård Waattestad, av sin stedsøn var av-æsket gårdens fratredelse, inngikk han med stedsønnen Lars Pedersen, som var odelsbåren, sådan forening at han skulle bruke gården i 3 år, imot at han ved årets utgang 1780 skulde fravike gården for Lars Pedersen. Imidlertid overdrog Peder Pedersen ved skjøte av 4/3 1780 gården til innstevnte Torger Torgersen for 480 rd. mens den odelsberettigede Lars Pedersen avhendet gården til citanten Jens Wottestad ved skjøte av 23/12 1780, for 212 rd. + føderåd.

Kjennes for rett: Innstevnte oppsiddet av grd. Søndre Wottestad Torger Torgersen bør imot de under saken anbudne 212 rd. fravike og ryddiggjøre grn. Wottestad, skyld 3 skind, for gårdens rette eier Jens Wottestad, med forbeholdenhet og regress til hans hjemmelsmand Peder Pedersen. I søksmålsomkostninger betaler innstevnte til citanten 30 rd.”

Det var sikkert ei sak som det vart tala mykje om. Saka utvikla seg elles slik at snart etter hadde Jens Pedersen samla heile Vottestad, Vottestad av skyld 6 skinn, på si hand.

Men i 1792 var husbonden Jens Pedersen død, og det var arveskifte på ”Vottestad i Lillehammer, Faaberg”. Ved dette skiftet var jordegodset i arvebuet, Vottestad av skyld 6 skinn, verdsett til 600 rdl., og buet utgjorde brutto 1086 rdl. og netto 1016 rdl. Arvingane ved skiftet var forutan enka Guro Jørgensdr. dei 6 borna som da var i live. Dei var: a. Peder 18 år, b. Guri 20 år, c. Marte 14 år, d. Anne 8 år, e. Berte 6 år. f. Johanne 1 år.

Sju år seinare gav i 1799 enka Guro Jørgensdr. skjøte til sonen sin, Peder Jensen, på Vottestad av skyld 6 skinn for sum 599 rd. og føderåd for resten av levetida.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da to familiar i ”Vottestad”. Dei var: 1.familie: 1. Peder Jensen, husbonden, 27 år, 2. Guro Jørgensdr., mor til husbonden, 52 år, 3. Mari Gullichsdr., bestemor hans, 77 år, 4. Torger Christensen, tenestkar, 21 år, 5. Marta Jensdr., søster til husbonden, 23 år, 6. Anne Jensdr., søster til husbonden, 17 år, 7. Berthe Jensdr., søster til husbonden, 14 år, 8. Johanne Jensdr., søster til husbonden, 9 år.

2.familie: 1. Ole Pedersen, føderådsmann, skomaker, 42 år, 2. Kjersti Engebretsdtr., kona hans, 50 år, 3. Peder Olsen, sonen deres, 8 år.

Husbonden brukte så Vottestad vidare til i 1804, da han skjøta garden til Ole Axelsen Steene for kjøpesum 1690 rd. + føderåd til mor og bestemor til seljaren. Samtidig er det opplyst at kjøparen Ole Axelsen lånte 420 rd. av Gulbrand Bøe og 880 rd. av seljaren Peder Jensen Vottestad mot pant i grd. Vottestad.

Den nye eigaren Ole Axelsen Steene hadde elles grd. Vottestad berre i tre år til i 1807, da han selde Vottestad av skyld 6 skinn vidare til John Nielsen Storsletten på Biri for kjøpesum 2 000 rd. + dei påkvilande føderåd. Den da nye eigaren hadde elles ikkje Vottestad meir enn i to år. Da skjøta han i 1809 garden samla framleis av skyld 6 skinn over til Christopher Christensen for same sum 2 000 rd. + føderåd.

Den daverande nye eigaren gjekk så over til å parsellere ut garden og selde i 1811 ein fjerdepart av Vottestad til Peder Olsen Brættingen for sum 730 rd. Samtidig gav og Christopher Christensen skjøte til kona si, Guri Jensdotter, på ein annan fjerdepart av grd. Vottestad. Av same året, altså 1811, er og eit skjøte frå Christopher Christensen til Erland Jacobsen Hindklev på det halve av grd. Vottestad, Vottestad av skyld 3 skinn, for kjøpesum 1170 rd. – Fire år seinare gav i 1815 husfrua Guri Jensdtr. skjøte tilbake til husbonden Christopher Christensen på sin før kjøpte fjerdepart av farsgarden Vottestad mot føderåd på garden. Kjøpesummen ved denne handelen vart elles betalt i riksbankdalar og utgjorde 300 rbd.

Fleire og nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det så fortalt at Vottestad da var delt mellom Erland, Peder og Even, at buskapen av store husdyr på dei 3 gardane tilsaman var: 3 hestar og 15 naut, og at den årlege kornavlinga på dei tre gardane tilsaman utgjorde kring 40 tønner.

Ved matrikuleringa i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Gardnamnet er da endeleg skrive ”Vottestad (Vettestad)”, og det er vidare opplyst at løpenr. 43 Vottestad østre hadde fått ei matrikkelskyld på: 2 skylddalar 1 ort 10 skilling, vidare var den nye matrikkelskylda av løpenr. 44 Vottestad sett til: 1 skylddalar 17 skilling, og endeleg var den nye landskylda av løpenr. 45 Vottestad vestre også: 1 skylddalar 17 skilling. Eigar og brukar av løpenr. 43 Vottestad østre og løpenr. 44 Vottestad midtre var da: Erland Jacobsen, og eigar og brukar av løpenr. 45 Vottestad vestre var da Even Amundsen.

Men 9 år seinare selde i 1847 faren Erland Jacobsen grn. Vottestad østre til sonen Johan Erlandsen, og det er da opplyst at båe foreldra, Erland Jacobsen og Marte Gudbrandsdtr., framleis var i live.

Fleire og nyare opplysningar om gardane kom med folke- og jordbrukstellingane i 1865. Der er det om løpenr. 43 og 44 Vottestad oppgitt at desse gardane isaman da hadde eit jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer på 154 mål., og av dette var 38 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det om Vottestad løpenr. 45 oppgitt at der var dei tilsvarande areal 77 mål og 17 mål. Eigar og brukar av løpenr. 43 og 44 var framleis Johan Erlandsen, og eigar og brukar av løpenr. 45 Vottestad var Hans Pedersen, som i 1851 hadde kjøpt dette Vottestad av enka Guri Jensdtr. for 400 spd. + føderåd.

I denne tid var det elles i 1854 utskifting av Fåberg Vestfjeld, og i 1870-71 av Skjelbrei- og Aalkjernmarkens Sameieskog.

Johan Erlandsen, som hadde gardane Vottestad østre og Vottestad midtre i 1865, brukte dei framleis til i 1880, da han melde b  e gardane til Nils Simensen Rise for kjøpesum kr. 4 000,-. Men kjøparen Nils Rise d  de snart etter, og enka hans, Berthe Vottestad, skj  ta s   i 1882 gardane l  penr. 43 og 44 Vottestad østre og Vottestad midtre over til Even Hansen Vottestad for kjøpesum kr. 4 500,- + f  der  d. –

  r 1886 kom den lenge f  rebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og –  re og slik at det var 100   re i 1 mark. Vottestad fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 21 av samla skyld 7,76 mark, og det var da vorte 5 bruksnummer under gardsnummer 21 Vottestad. Dei 5 bruksnummer var: a. Grn. 21 brn. 1 Vottestad østre og mellom av skyld tilsm. 4,65 mark, som Even Hansen framleis var eigar og brukar av, b. grn. 21 brn. 2 Skog og c. brn. 3 Sameieskog av skyld tilsm. 0,36 mark, som B. og O. Lundgaard hadde tilhandla seg, d. grn. 21 b rn. 4 Vottestad s  ndre av skyld 0,77 mark, der Johan Erlandsen framleis var eigar og brukar, e. grn. 21 brn. 5 Vottestad vestre av skyld 1,98 mark, der Hans Pedersen da var oppsittar.

Etter ajourf  rt matrikkel av 1904 var det vidare skjedd dei skifte at Kristian Vottestad da hadde overtatt brn. 4 Vottestad s  ndre av skyld 0,77 mark.

Som eit anna streif av nyare tid tek vi her med at ved kommunevalet i 1907 budde det da 4 personer med r  ysterett p   Vottestadgardane. Dei fire med r  ysterett var: 1. gardbr. Even Hansen Vottestad, 59   r, 2. husmor Oline Olsdr. Vottestad, kona hans 56   r, 3. f  der  dsmann Anders Evensen, 86   r, 4. gardbr. Kristian Johansen, 58   r.

Av handlar i seinare tid med grd. Vottestad og/eller parsellar av garden tek vi elles med at husbondsfolka Even Vottestad og Oline f. Bratberg brukte garden til i 1925, da dei skj  ta den over til s  nene Ole og Hans Vottestad.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939 to bruksnummer med kvar for seg eit jordbruksareal av   ker, hage og eng p   meir enn 10 m  l (dekar) under gardsnr. 21 Vottestad. Dei to bruk var: a. Grn. 21 brn. 1, 2 Vottestad med eit jordbruksareal p   ca. 100 m  l, der framleis br  rne Hans og Ole Vottestad var oppsittarar, b. grn. 21 brn. 4 Vottestad s  ndre med eit jordbruksareal p   ca. 12 m  l, som Hagebart Gutubakken da var eigar og brukar av.